

# SKULEBASERT PRAKSISPLAN 2020-2021



## **Vikevåg skule**

**Godt å vera  
Mykje å læra**

Sørbøveien 6  
4150 Rennesøy  
Tlf 51 72 06 00  
[www.minskole.no/vikevaag](http://www.minskole.no/vikevaag)

## **Innhald:**

- Side 2: Innhald  
Side 3: Velkommen til Vikevåg skule  
Side 4: Om skulen vår  
Praksisparti  
Side 5: Nøkkelpersonar i praksisperioden  
Rammer for praksis  
Side 6: Læringsutbytte i praksis  
Innhald i praksis  
Slik vil vi gjera det hos oss  
Side 7: Rettleia praksis  
Vurdert praksis  
Side 8-9: Sjekkliste-kven kan gi informasjon om kva  
Oversikt over timar og friminutt



Vikevåg skule sin Skulebaserte praksisplan har henta inspirasjon frå Kampen skole og Hafrsfjord skole sin praksisplan og er utarbeida av:

Praksislærarar:

Alise Kvilhaugsvik Aske

Ingjerd Håland

Ruth-Helen Bø Helland

Avdelingsleiar:

Marianne Kahrs

Rektor (Redaktør):

Tone Olsen Finnesand

## Velkommen til Vikevåg skule!

Vikevåg skule er ein barneskule med 307 elevar og 15 klassar, pr august 2020. Skulen har ein SFO avdeling med rundt 100 barn.

Det er 48 tilsette ved skulen. Leiinga ved skulen består av rektor, avdelingsleiar og leiar i SFO.

Skulen held til i eit moderne bygg omkransa av eit innbydande uteområde som innbyr til variert leik. Vi held til på Rennesøy i Rennesøy kommune.

Skulen sitt slagord er  
**GODT Å VERA**  
**MYKJE Å LÆRA**

Vårt mål er at elevane skal ha det trygt og godt i eit læringsmiljø der kvart enkelt barn kan utvikle seg både fagleg og sosialt.

Vi ønskjer at du som student hos oss skal oppleve god og variert læring i trygge omgjevnader. I tillegg ser vi fram til gode diskusjonar, refleksjonar og høve til å læra av kvarandre.

Praksisstudiet på Vikevåg skule skal saman med utdanninga på UIS, fremme dine kunnskapar og ferdigheiter som er nødvendige for å ta fatt på det framtidige lærararbeidet i skulen.

Det er i hovudsak praksislærarane som har ansvar for å rettleie og støtte deg gjennom praksisperioden, men og andre lærarar og øvrige tilsette vil hjelpe til slik at praksisperioden blir så lærerik som mogleg.

På Vikevåg skule vil du få ein variert, rettleia og vurdert praksis som er godt forankra i rammeplanar og retningslinjer for den nasjonale grunnskulelærarutdanninga og studieprogramplan frå UIS.

I løpet av første praksisdag vil rektor, som ansvarleg for praksisstudiet, invitere deg til ein samtale og fortelje meir om skulen, om den skulebaserte praksisplanen, om rammene for praksis, om taushetsplikt, og ikkje minst høyre kva forventningar du har til praksisperioden hos oss.

Våre ønskjer er at det og for deg blir  
**Godt å vera samt mykje å læra-** på Vikevåg skule!

Velkommen til oss!

Tone Olsen Finnesand  
rektor

## Om skulen vår

Vikevåg skule ligg på øya Rennesøy i Rennesøy kommune. Skulen er ein barneskule med ca 307 elevar. Vi har for tida 15 klassar, 8 nynorsk- og 7 bokmålsklassar. Hovudmålet for skulen er nynorsk. Skulen har ein SFO avdeling med ca. 100 barn.

Det er nærare 50 tilsette ved skulen, lærarar, miljøarbeidarar og assistentar. Fleire av miljøarbeidarane og assistentane arbeider både i skule og sfo.

Skulen held til i eit moderne bygg omkransa av eit innbydande uteområde. Vikevåg skule stod ferdig år 2000 og var då ein skule for elevar i 1.-4.klasse. Etter ei større utbygging vart skulen frå august 2016 utvida til å bli ein skule for 1.-7.klasse.

Vi er stolte over den fine skulen vår som er moderne med mykje godt pedagogisk utstyr. Alle klasserom har blant anna smartboards. Vi har ei storstove, Aula, der vi har samlingar for elevane. Det er kort veg til idretts- og symjehall. Klassane er ofte på tur i nærområdet som kan by på både skog, mark og sjø.

På Vikevåg skule har vi utarbeidd eit verdidokument som seier noko om korleis vi vil møte elevane, føresette og kvarandre i kollegiet.

Grunnverdiane våre er:

**TRYGGLEIK**  
**RESPEKT**  
**OMSORG**

Vikevåg skule har i perioden 2020-2021 desse satsingsområda:

- Innføring av ny læreplan-Kunnskapsløftet 2020 (fagfornyinga)
- Handlingsplan for Stavangerskolen mot 2025

## Praksispartiar 2020-2021

| Praksisparti | Årstrinn | Praksisveker | Haust | Vår | Praksislærar |
|--------------|----------|--------------|-------|-----|--------------|
|              |          |              |       |     |              |
|              |          |              |       |     |              |
|              |          |              |       |     |              |
|              |          |              |       |     |              |

## Nøkkelpersonar i praksisperioden

| Rolle          | Namn                    | Telefon                      | Mailadresse                                  |
|----------------|-------------------------|------------------------------|--|
| Praksislærer   | Alise K. Aske           | 926 01 957                   | Alise.kvilhaugsvik.aske@stavanger.kommune.no |
| Rektor         | Tone Olsen<br>Finnesand | 51 72 06<br>02<br>982 86 527 | Tone.finnesand@stavanger.kommune.no          |
| Avdelingsleiar | Marianne<br>Kahrs       | 905 53 602                   | M.kahrs@stavanger.kommune.no                 |

### Rammer for praksis

- Arbeidstid kl. 08.00-16.00
- Undervisningsrelaterte oppgåver, rundt 20 timar pr. veke
- Rettleiing, planlegging (individuell og i gruppe) og vurdering: 10-15 timar pr veke

#### Fråver:

- Blir meldt til praksislærer mellom kl. 07.30 og 07.45, evt til avd.leiar/rektor dersom praksislærer ikkje er tilgjengeleg på telefon.

#### Arbeidsrom:

- Studentane disponerer eige arbeidsrom så langt det lar seg gjera. Rommet har datatilgong.

#### Personalrom:

- Blir nytta som pause- og lunsjrom. Personalrom er ein viktig fagleg- og sosial møteplass. Derfor ønskjer vi at du i den grad det er mogleg tilbringer friminutta her.
- Ikkje ver redd for å spørre om du lurar på noko. Vi veit at det er mykje nytt å setje seg inn i for deg. Bruk personane du har rundt deg til å gjera kvardagen betre.
- Skulen tilbyr gratis kaffi og te til studentane.

#### Slik har vi det hos oss:

- Røyke- og snusforbod  
Gjeld skulebygget og skulen sitt nærrområde.
- Vi minner om høvelege klede. Vi tek omsyn til ulike kulturar og religionar.
- Mobiltelefon er avslått/lydlaus i undervisning, samarbeidsøktar og rettleiingssamtalar.

Dersom du nyttar kollektiv trafikk, kjem du til oss med buss nr 10. Busshaldeplassen ligg like i nærleiken av skulene. Det er bussavgong ca ein gong pr. time.

## Læringsutbytte i praksis

Praksisskulane skal saman med UIS gje dykk kunnskap, erfaring og ferdigheiter slik at de etter endt utdanning er klare til å ta fatt på den viktige rolla som lærar. Dette er ei rolle som skal ha fokus på læring og danning slik at elevane skal klare seg i vidare skulegang, yrkes-, samfunns- og familieliv.

Vi har tolka UIS sin programplan dithen at praksisskulane skal vera ein arena der de får moglegheit til å:

- Erfare samanhengen mellom teori og praksis.
- Få kunnskap om og erfaring med kva styringsdokument som set preg på skulen si virksomheit frå skule- til lærar- og elevnivå.
- Få kunnskap og erfaring med skulen som læringsarena, først og fremst på elevnivå, men og på lærarnivå.
- Utvikle rolla dykkar som den autoritative lærar som kan god klasseleing og innehar relasjonelle ferdigheiter.
- Utvikle dykkar ferdigheit med å leie elevane si læring i tråd med den didaktiske relasjonsmodellen.

## Innhald i praksis

Det didaktiske møtet er eit gjennomgåande tema i alle fire studieår. UIS har i tillegg valgt å ha eit spesielt fokus på følgjande tema:

|                   |  |
|-------------------|--|
| 1.studieår:       | Lærarrolla, lærararbeidet og det didaktiske møtet mellom elev, lærar og lærestoffet.   |
| 2.studieår:       | Eleven og mangfaldet.  |
| 3. og 4.studieår: | Skulen som organisasjon, det profesjonelle felleskapet, samarbeidet med føresette og andre sentrale instansar innafør skulen.  |
| Alle studieår:    | Dei tverrgåande perspektiva som er tilpassa opplæring, vurdering, varierte arbeidsformer, grunnleggjande ferdigheiter og det fleirkulturelle- og samiske perspektivet. |

## Slik vil vi gjera det hos oss:

### Variert praksis

På vår skule arbeider studentane og personalet saman om å tilby ein variert praksis. Du blir knytta til ein praksislærar. Du skal og vera til stades og observere hos andre lærarar ved skulen for å erfare variert lærararbeid. Vi ønskjer at du skal få arbeide saman med praksislærar og medstudentar, og starte der du er, ut frå tidlegare utdanning, personlegheit og erfaring. Du skal delta i ulik grad i læringsarbeidet på skulen vår, alt etter kor du er i læringsfasen.

Hos oss skal du:

- Observere kva som skjer i løpet av ein arbeidsdag saman med elevar, studentar og skulen sine lærarar.
- Planlegge, gjennomføre og evaluere deler av, eller heile undervisningsøkter ut frå den didaktiske relasjonsmodellen.
- Prøve ut ulike arbeidsmetodar i samhandling med elevane, stasjonsundervisning, ulike elevsamansetningar, gruppearbeid, individuelt arbeid, drama mm.
- Vera kontaktlærer til ei mindre gruppe elevar, som du skal følgje sosialt og fagleg.
- Ta del i rettelararbeidet til elevane.
- Vurdere eigne og andre sine undervisningsøkter. Arbeid som elevar gjer, skal vurderast etter kvart.
- Vera ein del av kollegiet og delta på personalmøter, trinnmøter og avdelingsmøter.
- Vera vakt i friminutt.
- Vera på andre arenaer knytta til skulen som for eksempel foreldremøter, møter med PPT og barnevern. Hovudfokuset ligg her på 3. og 4.studieår.
- Prøve ut skulen sine læreverk, konkretiseringsmateriale, bruk av digitale verktøy og smartboards.

### **Rettleia praksis**

Saman med praksislærer skal du og dine medstudentar lage ein gruppebasert praksisplan, der innhaldet for praksisperioden skal bli tydeleggjort. Det vil bli gitt rettleiing i forkant, undervegs og i etterkant av undervisningstimane som du skal førebu/observere. Førebuingane skjer i form av ulike didaktiske tekstar innlevert på førehand av undervisninga. Rettleiinga vil skje aleine og i gruppe. Du vil få rettleiing ut frå korleis du fungerer i samhandling med elevar og medstudentar.

### **Vurdert praksis**

Arbeidet du gjer i praksis vil bli vurdert, og du får tilbakemelding på kva du meistrar og kva utfordringar du kan arbeide vidare med. Målet er at du skal få tilbakemeldingar som du kan bruke når du og dine medstudentar planlegg nye undervisningsøkter eller anna lærararbeid.

Praksislærer vil ha ein samtale med deg i god tid før praksisperioden er slutt. Dersom det er nokre av måla i praksisen du har problem med å nå, vil vi saman lage en plan for korleis desse måla kan bli nådd.

Etter praksisperioden vil studentane få ein midtvegsvurdering om hausten og ein sluttvurdering til våren. Her har også rektor ein viktig rolle i vurderinga av praksisstudiet som heilskap. Studentane vil bli vurdert bestått/ikkje bestått.

I alle studieår vil de møte dei tverrgående tema. På Vikevåg skule vil de bli kjent med perspektiva gjennom observasjon, samtale og ved at de sjølve implementerer perspektiva i undervisninga:

- **Danning** handlar om å gje barna gode haldningar, kunnskaper og ferdigheiter som er nødvendig for å klare seg i vidare skole-, yrkes-, samfunns og familieliv. Elevane våre skal oppleve demokrati i praksis, og såleis førebu dei på å bli ansvarlege samfunnsborgarar.
- **Grunnleggjande ferdigheiter:** Vikevåg skule streber etter, så langt det er mogleg, å legge dei grunnleggjande ferdigheitene inn i alle fag. Gjennom observasjon vil studentane sjå eksempel på korleis lesing, skriving, rekning, det å uttrykke seg munnleg og bruk av digitale hjelpemidler blir integrert i ulike fag.
- **Vurdering:** Underevgsvurdering går føre seg kontinuerleg i klasserommet. Gjennom observasjon og samtalar vil studentane få kjennskap til korleis vurdering blir gitt av lærar og elevane sjølve ut i frå kriterium som blir brukt til vurdering for læring.
- **Tilpassa opplæring:** Alle elevar har rett til å få ei opplæring tilpassa deira evner og forutsetningar. Gjennom observasjon av ulike typar arbeidsmetodar og arbeidsoppgåver vil studentane få erfaring i korleis det er mogleg å tilpasse undervisninga.
- **Fleirkulturelt perspektiv:** Vikevåg skule har fleire elevar med fleirkulturell bakgrunn. I løpet av praksisperioden får studentane gode moglegheiter til å sjå god integrering i praksis, samt moglegheit til å delta på særskilt norskopplæring og tospråkleg fagopplæring.
- **Samisk:** Studentane vil få innblikk i korleis samisk historie og samisk kultur kan integrerast i tema om samane.

### Sjekkliste-kven kan gi informasjon om kva

Nedanfor følgjer ei sjekkliste som viser kva de vil få informasjon om i løpet av praksisperioda og kven som kan gje den informasjonen:

| Informasjon om                                 | Ansvar                          |
|--|---------------------------------|
| Nøklar, dører og alarm                         | Tove Hodnefjell, kontorsekretær |
| Skulen inkl. omvising                          | Tone Olsen Finnesand, rektor    |
| Oppstartssamtale og velkomen til Vikevåg skule | Tone Olsen Finnesand, rektor    |
| Skulen sin visjon, verdiar og satsingsområde   | Tone Olsen Finnesand, rektor    |
| Danning  | Praksislærarar                  |
| Grunnleggjande ferdigheiter                    | Praksislærarar                  |



|  |   |
|--|---|
| Vurdering                                  | Praksislærarar  |
| Tilpassa opplæring                         | Praksislærarar  |
| Fleirkulturelt perspektiv                  | Praksislærarar  |
| Samisk                                     | Praksislærarar  |
| Kopimaskinar                               | Kontorsekretær  |
| Brukarnamn og PC                           | Heidi Holmen, ikt-ansvarleg   |
| IKT i skulen                               | Heidi Holmen, ikt-ansvarleg   |
| Bibliotek                                  | Alise K. Aske, bibliotekar  |
| Elevar med spesielle behov                 | Hildegunn Håvarstein og Caroline Oseland, spesialpedagogisk koordinatarar |
| Særskild språkopplæring<br>SNO, MMO og TFO | Marianne Kahrs, avdelingsleiar  |
| ART, sosial utvikling, mobbing             | Bente Gudmestad, sosialpedagogisk koordinatar                             |
| SFO  | Anne E. Fløysvik, leiar SFO   |
| Lesing som grunnleggjande ferdigheit       | Praksislærarar  |
| Rekning som grunnleggjande ferdigheit      | Praksislærarar  |
| Vurdering for læring                       | Praksislærarar  |
| Heim-skule samarbeid                       | Praksislærarar  |
| Skulen sine rådsorganar                    | Tone Olsen Finnesand, rektor  |
| HMS  | Line Westlye, verneombod  |

### Oversikt over timar og friminutt ved Vikevåg skule

|           |             |
|-----------|-------------|
| 1.time    | 08.25-09.10 |
| 2.time    | 09.10-09.55 |
| friminutt | 09.55-10.10 |
| 3.time    | 10.10-10.55 |
| Mat       | 10.55-11.05 |
| storefri  | 11.05-11.35 |
| 4.time    | 11.35-12.20 |

|           |             |
|-----------|-------------|
| 5.time    | 12.20-13.05 |
| friminutt | 13.05-13.15 |
| 6.time    | 13.15-14.00 |